

Ronny Runderheim  
Bergveien 31  
5152 Bønes

Dato: 12.04.2016  
Vår ref.: 2015/5550-26  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Klage på vedtak om ikkje å lysa ut ledige reserveløyve

Ein viser til klaga di som er udatert, men journalført hjå oss 6. april 2016.

Berre enkeltvedtak kan påklagast, jf. forvaltningslova § 28. Eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld rettar og pliktar til ein eller fleire bestemte personar, jf. forvaltningslova § 1 litra b). Det er ikkje klagerett over politiske vedtak.

Drosjeløyve er behovsprøvde løyve. Det vil seia at det skal vurderast kor mange drosjeløyve, inklusive reserveløyve, det skal vera i eit køyreområde og dette vert fastsett gjennom politisk vedtak. Fylkesutvalet fatta den 24.02.2016 vedtak om å redusera det totale løyvetalet i Bergen køyreområde til 705 løyve, fordelt på 540 ordinære drosjeløyve og 165 reserveløyve. Det går fram av saka at «Inntil det nye løyvetalet er nådd vil det ikkje verta lyst ut ledige løyve», jf vår e-post til den 15.02.2016. I ein periode der ein byggjer ned løyveporteføljen kan ein ikkje samstundes kunngjera og tildela løyve.

Du har ikkje klagerett over fylkesutvalet sitt vedtak.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*